



Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 Førde
v/Magne Reidar Førde

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anette Heggøy, 5557 2305
Sissel Storebø, 5557 2317

Rapport frå inspeksjon ved Øyrane reinseanlegg i Førde tettbygde område i Sunnfjord kommune

Kontrollnummer: 2023.253.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Leif Halvor Kårstad, Einingsleiar Teknisk drift
Magne Reidar Førde, Ass. einingsleiar, Teknisk drift
Ole Johnny Kapstad, Fagkoordinator Avløp
Egil Gjelsvik, Driftsoperatør
Harald Berge, Driftsoperatør
Tommy Refvik Engevik, Driftsoperatør

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Anette Heggøy
Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Øyrane reinseanlegg i Førde tettbygde område den 7. mars 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkar 3 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

1. Internkontrollen har manglar
2. Kommunen kan ikkje dokumentere leidningsnettets sin verknadsgrad
3. Kommunen har ikkje levert årsrapport til Statsforvaltaren for 2022

Avvikene er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.



Med helsing

Britt Solheim
senioringeniør

Anette Heggøy
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

| | |
|---|---------------------------|
| Namn: SUNNFJORD KOMMUNE, SENTRALADMINISTRASJONEN | |
| Organisasjonsnr.: 974599600 | Eigd av: 921244207 |
| Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 - Generell offentlig administrasjon | |

Kontrollert eining

| | |
|---|---------------------------------|
| Namn: Førde by - Øyrane reinseanlegg | Anleggsnr.: 4647.0021.01 |
| Kommune: Sunnfjord | Fylke: Vestland |
| Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing | |
| Løyve gitt: 11.04.2007 | Sist endra: 31.08.2021 |

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Kommunal planlegging og internkontroll
- Resipientovervaking
- Leidningsnett
- Rapportering til staten
- Reinseanlegg og prøvetaking

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



3. Oppfølging etter inspeksjonen

Sunnfjord kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. juli 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, eventuelt ein plan som viser korleis de vil rette avvika.

Vi ber om at de stiler svarbrevet eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statforvaltaren i Vestland.

Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 15. februar 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Sunnfjord kommune betale eit gebyr på kr 37 400,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.



6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Internkontrollen har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7
- Utsleppsløyve punkt 2.6 plikt om internkontroll
- Utsleppsløyve punkt 2.6.1 om miljørisikovurderingar

Kommentarar til regelverket

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet i kommunen skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Miljørisikovurderingar og handlingsplanar (internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 og utsleppsløyvet punkt 2.6.1)

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og utsleppsløyvet punkt 2.6.1 skal det gjennomførast miljørisikoanalyse av verksemda. Analysen skal kartlegge fare og problem med omsyn til ytre miljø, og verksemda skal på bakgrunn av dette vurdere risiko. På bakgrunn av risikoanalysen skal det utarbeidast handlingsplanar og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva.

Miljørisikovurderinga og tilhøyrande tiltaksplanar skal ifølge utsleppsløyvet punkt 2.6.1 evaluerast minst ein gong per år og skal oppdaterast etter kvart som tiltak er gjennomført og kunnskapsgrunnlaget endrar seg. Kommunen skal ha ei skriftleg rutine for gjennomføring og oppdatering av risikovurderingane, og evalueringane som blir gjort skal dokumenterast skriftleg. Utfyllande krav til kva miljørisikoanalysen skal innehalde går også fram av utsleppsløyvet punkt 2.6.1.

Avvikshandtering (§ 5 punkt 7 og utsleppsløyvet punkt 2.6)

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 punkt 7, skal verksemda iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslvgivinga.

Eit system for avvikshandtering og skriftlege rutinar for bruken av avvikssystemet er eksempel på rutinar som verksemda skal ha på plass. Andre (ikkje uttømmende) eksempel på slike rutinar er skriftlege driftsrutinar (instruksar) og skriftlege rutinar for handtering av avfall og kjemikalier.

Avviket er basert på følgjande:

Miljørisikovurdering

Sunnfjord kommune har ei miljørisikovurdering frå 2019. Det er gjort enkelte oppdateringar av vurderinga i ettertid, men kommunen har ikkje hatt nokon fullstendig gjennomgang eller oppdatering av vurderinga sidan 2019. Kommunen har ikkje nokon fast skriftleg rutine for jamleg årleg revisjon/oppdatering av risikovurderinga.



Avvikshandtering og rutinar

På same måte som ved førre tilsyn, nyttar kommunen framleis fleire ulike system for avvikshandtering. Mellom anna blir TQM brukt til oppfølging av akkreditert prøvetaking, og FDV blir brukt som driftskontrollsystem, der driftsavvika vert registrert. Kommunen har også eit felles overordna avvikssystem, Risk Manager, som ifølge kommunen ikkje er tilstrekkeleg tilpassa avløpsområdet og avvik som gjeld ytre miljø.

- Kommunen har ikkje definert kva som skal reknast og registrerast som avvik på ytre miljø.
- Kommunen har rutinar for avvikshandtering frå dei tidlegare kommunane, men har ikkje samordna desse rutineane i ein felles rutine.
- Rutinane omtalar ikkje alle dei ulike avvikssystema og er ikkje detaljerte nok med omsyn til ytre miljø.

Avvik 2: Kommunen kan ikkje dokumentere leidningsnettets sin verknadsgrad

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet punkt 3.1.4 og 11.2

Kommentarar til regelverket

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 3.1.4 skal kommunen jamleg dokumentere verknadsgraden til avløpsnettets. Dokumentasjonen skal første gong sendast Statsforvaltaren innan 1. mars 2022 og deretter årleg.

Krav til årleg rapportering av verknadsgrad går også fram av krav til årlege vurderingar av driftsforhold, punkt 11.2 i utsleppsløyvet.

Avviket er basert på følgjande:

Kommunen er ikkje i mål med å rekne ut leidningsnettets sin verknadsgrad.

Det er gjort ein jobb med å kartlegge tal på tilknytning oppstrøms ulike pumpestasjonar. Kommunen er også i gang med eit prosjekt med å kartlegge lekkasjar i leidningsnettets gjennom vassmengdesensarar som skal plasserast ut i ulike pumpestasjonar. Kommunen har planar om å nytte data, som vert innhenta i samband med dette, til å gjere utrekningar av verknadsgrad for leidningsnettets.



Avvik 3: Kommunen har ikkje levert årsrapport til Statsforvaltaren for 2022

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet, vilkår 11.2

Kommentarar til regelverket

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 11.2 skal kommunen innan 1. mars årleg gje ei skriftleg vurdering av driftsforholda siste kalenderår. Nærmare krav til innhald i dei årlege vurderingane er gitt i utsleppsløyvet punkt 11.2.

Avviket er basert på følgjande:

Kommunen har rapportert avløpsdata til Altinn for 2022, men har ikkje levert årsrapport for 2022.

7. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre forhold

Planar

Sunnfjord kommune har ein hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø for 2021-2024. Vi ber om å få oversendt denne planen saman med svaret på tilsynsrapporten.

Kommunedelplanens arealdel er under revidering og var på høyring fram til 2. mars 2023. Vedtak er planlagt gjort i kommunestyret i juni 2023.

Tilførsler og påslepp

Rapporterte tilførsler i BOF pe til Øyrane reinseanlegg¹, ligg framleis høgare enn dimensjonerande kapasitet ved anlegget. Reinseanlegget oppnådde likevel reinsekrava i utsleppsløyvet i 2022.

Kommunen har ikkje kome noko lenger med kartlegging og regulering av påslepp til leidningsnett. Statsforvaltaren vil oppfordre kommunen til å ta tak i dette arbeidet på nytt, då dette kan bidra til å redusere tilførslane i BOF inn på reinseanlegget. Vi minner også om at miljørisikovurderinga og tilhøyrande handlingsplan skal innehalde vurderingar av risiko knytt til påslepp, jf. vilkår 2.6.1 i utsleppsløyvet.

Pilotanlegg for reinsing av avløpsvatn

Kommunen har inngått eit samarbeid med Renasys AS som testar ut ein ny reinseteknologi for reinsing av avløpsvatn². Det er etablert eit pilotanlegg for dette ved Øyrane reinseanlegg, der deler av innløpsstraumen (etter forbehandling i rister og sandfang) blir ført via Renasys sitt anlegg før

¹ Maksveke rekna ut med utgangspunkt i gjennomsnittleg innløpskonsentrasjon og justering med faktor 2 etter metodikk i NS 9426 punkt 4.1.6

² <https://www.renasys.com/>



avløpsvatnet blir ført tilbake til Øyrane reinseanlegg og reinsa på same måte som resten av avløpsstraumen. Ifølge Renasys og Sunnfjord kommune er resultata lovande, og ein ser for seg at reinseteknologien ville kunne bidra til å auke reinsekapasiteten til Øyrane reinseanlegg.

Statsforvaltaren gav under tilsynet tilbakemelding om at så lenge reinsekrav og rammer i utsleppsløyvet vert haldne, står Sunnfjord kommune fritt til å teste ut og velje reinseteknologi for reinsing av avløpsvatn i Førde tettbygde område.

Pilotanlegg for tørking av avløpslam

Kommunen har også inngått eit samarbeid med Hellenes AS om testing av ein ny teknologi for slamhandtering/tørking av avløpslam. Teknologien blir testa på slam frå Renasys sitt pilotanlegg. Slamhandteringsanlegget har fått eit eige mellombels løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren³.

Resipientkartlegging

Kommunen vart forseinka i arbeidet med å utarbeide overvakingsprogram for resipientovervaking i Førdefjorden etter vilkår 7.1 i utsleppsløyvet. Dermed vart det heller ikkje gjennomført noko resipientkartlegging i 2022. Kommunen har no fått på plass eit overvakingsprogram og har engasjert rådgjevar (Akvaplan NIVA) som skal gjennomføre resipientkartlegging i Førdefjorden i 2023.

Skjema for årsrapportering

Statsforvaltaren sendte 17. februar 2023 ut eit standard skjema som kommunen kan bruke ved utarbeiding av dei årlege vurderingane av driftsforhold jf. krav i utsleppsløyvet punkt 11.2. Skjemaet er utarbeida slik at det skal vere dekkjande for rapporteringskrava gitt i utsleppsløyvet punkt 11.2.

Vi minner om at kommunen framleis også skal rapportere årlege avløpsdata via Altinn (eigenkontrollrapportering). Kravet om årsrapport etter punkt 11.2 i utsleppsløyvet kjem i tillegg til kravet om eigenkontrollrapporteringa. Data som allereie er rapportert inn via Altinn treng ikkje gjentakast i årsrapporten som skal utarbeidast etter punkt 11.2.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

1. Miljørisikoanalyse av 2019
2. Avvikssystemet Risk Manager og utskrift av skriftlege avviksrutinar frå dei gamle kommunane (før kommunesamanslåinga)

³ 2022.0962.T Mellombels løyve etter forureiningslova til pilotanlegg for slambehandling ved Øyrane i Førde, Sunnfjord kommune.



3. Analyseresultat frå 2022
4. Kart over planlagde målepunkt for kartlegging av innlekkasje på avløpsnettet i sentrum i 2023
5. Befolkningsrapporter/kartlegging av tilknytning i ulike avløpssonar i sentrumsområda